



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND

19 86

Namnet på vatnet Oddrevatn

Kommune ..... Sokndal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg i samarbeid med fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen.

## O D D R E V A T N

### Fiskeanalysen vart foreteken den 19. sept. 1986.

Vatnet ligg i Sokndal kommune, på sørsida av vegen mellom R 44 og Tellenes, sør for skytebanen ved Bostøltjørn. Arealet er omlag 8 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men dei topografiske tilhøva i nedslagsfeltet, skulle tilseie eit heller djupt vatn.

Stranda består for det meste av fjell, der grunnfjellet over alt støyter like til vatnet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er sparsam og noko botngrasvegetasjon vart ikkje observert.

Nedslagsfeltet femner for ein stor del om snaufjell, kor harde og surebergarter dominerar. Spreid furu- og lauvskog vil ein finna innimellom.

Det største tilsiget fell inn i nord-aust og avlaupet går også ut i den nord-austre delen.

Det er opparbeid traktorveg like fram til vatnet, i samband med utlegging av friareal.

### Dei kjemiske tilhøva.

Det vart ikkje teke vassprøver for nærare analyse, men to pH målingar på ulike stader synte 4.9 og 5.2.

### Fisk m.v.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik (18-20-22-26 og 32 omf.) utan at det, etter ei fangstnatt, vart fanga ein einaste fisk.

Dette stemmer og med det lokalkjente folk kunne fortelja, at vatnet hadde vore fisketomt i mange år.

### Konklusjon.

P.g.a. skrint nedslagsfelt og sur nedbør har det gått med Oddrevatnet, som med så mange andre vatn i Sør-Vest-Norge, vatnet har vorte fisketomt.

At fisken er på veg ut av eit vatn, merkar ein fyrst ved at ungelet og småfisken forsvinn. Den større fisken tåler eit noko surare vatn og vil såleis etter kvart bli einerådande. Næringstilhøva vil bli brukbare, når rekrutteringa sviktar, og siste generasjon blir ofte stor, fin fisk. Men etter kvart som denne blir oppfiska, eller av andre grunnar kjem bort, blir vatnet liggjande tomt.

Nedslagsfeltet spelar som kjent ei avgjerande rolle når det gjeld vasskvalitet, næringstilgang og fylgjeleg fiskeproduksjon i eit vatn. Avrenninga herfrå vil gi seg utslag i vanten - enten til godt eller vondt.

Består nedslagsfeltet t.d. av gjødsla, kultivert mark, vil tilsiga herfrå kunna nøytralisere den sure nedbøren og gi levelege vilkår for fisken.

Nedslagsfeltet for Oddrevatnet er skrint, kor harde og sure bergarter ligg oppe i dagen over alt. Det er såleis lite med mineral- og næringsstoff som gjennom tilsiga blir tilført vatnet. Nedslagsfeltet er ikkje i stand til å nøytralisere den sure nedbøren ein i dag får og fylgjeleg så går det galt.

Gytetilhøva er dårlege og einaste gytebekken er innfallsbekken i nord-aust.

### Praktiske tiltak.

For å betre vasskvaliteten, og gi levelege vilkår for fisken, vil tilføring av kalk ha ei positiv innverknad.

Det er fleire måtar å spreie kalken på, enten direkte i vatnet, i strandkanten eller i innfallsbekkene. Også utlegging av sjølsand i tilsiga vil ha nøytraliserande effekt.

Då både tilsig og avlaup ligg i nord-austre, vil kalking av tillaupet her få liten innverknad. Spreiing av kalk direkte i vatnet, og kanskje serleg i den sør-vestre delen, skulle koma heile vatnet til gode.

Når det gjeld spursmål vedk. kalking m.v. vil fiskerikonsulentent kunna gi råd og rettleiing.

Ei tid etter utført kalking, kan det setjast ut fisk. Det er då ofte slik, at når vatnet har vore fisketomt i mange år, har det magasinert seg eit visst næringsforråd. Utsetjingstalet fyrste gongen kan såleis vera noko større enn seinare.

Eit høvande utsetjingstal for Oddrevatnet vil dreia seg om ca. 500 setjefisk fyrste året og t.d. 400 stk. i dei næraste åra. Kondisjonsfaktoren, og fiskekvaliteten i det heile, vil gi svar på om fiskebestandet står i eit rimeleg høve til det næringsforrådet som er tilgjengeleg for fisken. Det spelar sjølvsagt inn kor mykje fisk som bli oppfisk og event. naturleg gyting som fylgje av kalking. Ved å notere vekta på fisken som blir fanga gjennom året, vil ein kunna få eit grunnlag for å vurdere bæremna.

Alt fiske må førebels bli stangfiske og mot løysing av fiskekort. Inkomene av kortsalet må nyttast til ytterlegare kalking og kultiveringstiltak. Etter nokre år kan det koma på tale med eit avgrensa garnfiske med stormaska garn (omf. 12-14), for å nyttiggjera seg den større fisken. Det er difor svert viktig, at det blir starta opp eit "fiskelag", som fører kontroll med alle aktivitetar vedk. fiske i vatnet. Underskrivne vil vera hjelpesam med oppstartinga av eit slikt lag.

Då vatnet grensar mot friareal, der mykje folk ferdast, vil sikkert mange nytta høvet til å prøve fiskelukka i Oddrevatnet.

Etter 2-3 år må det takast eit prøvefiske for å sjå utfallet av fiskeutsetjinga m.v.

Stavanger 25. mars 1987

Einar Berg